



SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Dato: 02.02.2017
Vår ref.: 2014/10571-66
Saksbehandlar: gunradd
Dykkar ref.:

Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk – Årsrapport frå Bergensområdet 2016

Vi viser til brev datert 21.11.2016 og avtalen som er inngått mellom Samferdselsdepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om tilskot av midlar frå «*Belønningsordninga for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2015 – 2018.*». Avtalen slår fast at byområdet skal rapportere årleg til Samferdselsdepartementet innan 31. januar kvart år i avtaleperioden. Det vert vist til avtalt ny frist 02.02.2017.

Måloppnåing

Målet for belønningsavtalen er «*nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i perioden 2015 – 2018.*».

Den 1. februar 2016 ble det innført rushtidsavgift i bomringen i Bergen. Dette har vore eit viktig steg i rett retning for å oppnå målet som er satt.

Registrerte bomplasseringar viser ein solid nedgang i ÅDT gjennom alle bomstasjonar samla sett. Den totale nedgangen er 5,6 % lågare i 2016 enn i 2015, og i rushtrafikken har nedgangen vore på heile 15 %. Tal på passeringar i bomringen har ikkje vore så låg sidan 2010 då talet på bomstasjonar vart utvida. Dette viser at Bergen har nådd målet om nullvekst som ligg i avtalen med Samferdselsdepartementet der referanseåret for registreringar av personbiltransporten er 2014. I 2014 var samla ÅDT for alle bomstasjonar 143 846 passeringar. I 2016 var talet 136 304 passeringar. Dette utgjør ein nedgang på 5,2 % for dei to første avtaleåra.

Det er særleg gledeleg å registrere at den sentrumsnære trafikken har hatt ein nedgang på 4,7 % i 2016 samanlikna med året før. Vidare er det ei auke i talet på passeringar av elbiler, frå 6,1 % i 2015 til 10,3 % i 2016.

Talet for påstigande passasjerar på buss og bane for 2015 er diverre ikkje klart før i midten av februar grunna usikre registreringar som krev utvida kvalitetssikring av billettdata og passasjerteljingar. Tala vil bli ettersendt så raskt som mogleg.

Bruk av midlar i 2016

For 2016 var den samla summen av tilgjengelege belønningmidlar på 333,5 mill kr. 133, 5 mill kr var overført frå året før. Ved utgangen av 2016 var det 81, 0 mill kr i unytta midlar. Desse er overført til 2017. I praksis vert ein del av dei tildelte midlane nytta året etter, delvis på grunn av tildspunkt for tildeling og uavklarte porosjekt og tiltak. I vedlagte rapport er det gjort nærare greie for bruk av midlar på dei ulike tiltaksområda, men vi gjer merksam på at det har vore eit meirforbruk på tiltaksområdet for planmidlar. Dette skuldast fleire større plansakar. Forslag til reguleringsplan for Bybane mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen har vore mest ressurskrevjande, med ein kostnadsramme på 43 mill kr.

Bruk av belønningmidlar i 2017 og oppfølging av tiltaksplanen for 2015 - 2018

Det har vore stort fokus på å styrke stamlinjenettet. I samband med innføringa av rushtidsavgift ble kapasiteten i bussnettet auka med 300 avgangar på linjer med høg belastning.

Den mest krevjande planprosessen er knytt til arbeidet med Bybanen. Reguleringsplanforslaget for Bybane mellom sentrum og Fyllingsdalen er no ute på høyring. Dette er ei strekning på nærare 11 km og med 10 stopp. Det er lagt opp til politisk vedtak av reguleringsplanen i juni 2017. Deretter står strekninga frå sentrum til Åsane for tur (byggetrinn 5), og her er det venta oppstart av arbeidet med reguleringsplan hausten 2017. Våren 2017 vil Bybanen gå heilt fram til Flesland lufthamn. Her har det vore ei mellombels løysing med shuttlebuss i påvente av ny terminal.

Utviding og styrking av kollektivtilbodet er eit svært viktig tiltaksområde for å redusere bruken av privatbil. Arbeidet med å prioritere linjer med dei største reisestraumane vil halde fram. Vidare er oppgradering av haldeplasser og utviding av innfartsparkering viktige oppgåver. Framkomstiltak for buss er og ei høgt prioritert oppgåve, og i veke 10 opnar kollektivfeltet mellom Allestadveien og Skarphaugen i Fyllingsdalen.

Det er stort fokus på å legge til rette med gode løysingar for dei som sykklar og går. Fleire planforslag er i slutfasen og ferdigstilling av desse er via stor merksemd. Dette gjeld til dømes arbeidet med prosjektering av hovudsykkelrute gjennom sentrum. Vidare er det fokus på å få fram planforslag for gang- og sykkeltiltak langs andre viktige strekningar, som til dømes langs Garnesvegen i Arna bydel.

Det har lenge vore eit ønske å etablere ei bysykkelordning i Bergen, og arbeidet med få på plass ei hensiktsmessig ordning og finansiering av denne pågår for fullt. Det er eit mål å få på plass ein bysykkelordning i 2017, eventuelt våren 2018.

Tildeling av belønningmidlar

Med bakgrunn i den positive utviklinga som har vore når det gjeld passeringar i bomringen, samt ulike tiltak det er gjort greie for i årsrapporten, vurderer vi at Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har oppfylt vilkåra for utbetaling av tilskot for 2017.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Gunhild Raddum
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.